



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/17	Omsorg - oppvekst og kultur	20.11.2017
053/17	Plan og utvikling	20.11.2017
048/17	Prosjekt, drifts- og eigedomsutval	20.11.2017
	Administrasjonsutvalet	
094/17	Formannskapet	23.11.2017
	Kommunestyret	

Arkivsaknr.:	Arkiv	Sakshandsamar	Dato
17/84 - 17/8492	K1 - 151, K1 - 145	Steinar Søgaard	16.11.2017

Økonomiplan 2018 - 2021

Tilråding frå rådmann:

Kommunestyret vedtek økonomiplan 2018 – 2021 i mehald av kommunelova §44

Bakgrunn

For Aurland kommune er 2017 eit særskilt utfordrande år med historisk høgt investeringsnivå, samtidig med ein kraftig reduksjon i eigedomskatt frå kraftverk. Det samla inntektstapet var om lag 12. mill. kroner. I vedteke driftsbudsjett for 2017, vart ikkje denne reduksjonen teke omsyn til, og kommunen må handtere dette i denne planperioden. Kraftig inntektsreduksjon i kombinasjonen med lite disposisjonsfond vil krevje både strakstiltak og avgjersler som får effekt på lengre sikt. Det høge investeringsnivået i 2017 drar kommunen med seg inn i 2018.

Regjeringa presenterte 12. oktober framlegg til statsbudsjett for 2018. Gjennomsnittleg vekst i dei frie inntektene for landet er på 2,6%. Aurland kommune har fått ein vekst på 1,3%.

Ved utrekning av realvekst inntektene til komunesektoren er det lagt til grunn ein pris- og

kostnadsvekst (kommunal deflator) på 2,6% i 2018. Dette byggjer blant anna på eit lønsvekstanslag på 3%. Det betyr at Aurland kommune vil få ein realnedgang i dei frie inntektene i 2018.

Ei framskriving av drifta før tiltak er innarbeidd og med konsekvensjusterte inntekter, viser ei underdekking på 16 mill. kroner i planperioden.

Vurdering

Rådmannen vurderer den økonomiske situasjonen som svært utfordrande. Aktiviteten må reduserast og inntekter bør aukast.

Det er gjort framlegg om å starte eit arbeid i 2018 med sikte på å innføre eigedomsskatt på bustader (inkl fritidsbustader), og næring i tillegg til verk og bruk frå 2019.

Eigedomsskatt på eigedom i heile kommunen erstattar delvis reduksjonen i eigedomsskatt på verk og bruk. Satsen skal ligge på mellom 2 og 7 promille. Inntektpotensialet er på omlag 7 mill. kroner med topp promillesats. I dag har 282 kommunar eigedomsskatt på bustader. Talet er stigande. Det er lagt inn ein samla effekt for planperioden på 6 mill. kroner. Dersom ikkje eigedomsskatt på bustader og næring blir innført, må tilsvarande beløp dekkast inn på ein realistisk måte.

Eit alternativ til innføring av denne eigedomsskatten, kan vere å endre skule- og barnehagestrukturen i kommunen. Det vil gje relativt stor kostnadsreduksjon, og det kan reduserer investeringsbehovet og låneopptak i planperioden. Det er sjølv sagt mange sider ved slike endringar, som til dømes elevane sitt oppvekstmiljø, moglegheit for god sosialisering, trivsel og læreføresetnader. Skal dette skal gjerast, vil det krevje ein grundig prosess. Effekten av eit slikt tiltak vil først kome i slutten av planperioden.

Ei positiv utfording, som allereie vil melde seg tidleg i planperioden, er barnetalsauke i aldersgruppa 0-5 år. Dersom forventa barnetalsauke slår til, kan barnehagane få plassproblem i neste 2 årsperiode. Avgangen er litt mindre enn det som er venta i tilgang i perioden. Dersom tilgangen kjem innanfor gruppa 0-3 år, kan kommunen få plassutfording, sjølv om det blir lagt om til meir blanda barnegrupper i periodar. Ein fleksibel tilnærming til utfordinga er naudsynt. Blir fordelinga nærmare 50/50 mellom store og små barn, kan kommunen handter veksten i barnehageåra 18/19 og 19/20.

Aurland kommune skal teikne ein ny eitt-års avtale med Aurland Energiverk om sal av konsesjonskraft. Det blir gjort framlegg om eit påslag pr. kWh på 12 øre. Dette vil gje kommunen ei meirinntekt på om lag 3,5 mill. kroner pr. år.

Rådmannen tilrar å setje i gang ei rekke prosjekt og tiltak for å effektivisere drifta og bli meir fleksible. Desse er lista opp i kommuneplanen sitt handlingsprogram. Eit sentralt prosjekt er organisatorisk endringsprosjekt. Andre prosjekt er digitalisering – om korleis nye, digitale løysingar kan gjere tenestene betre og meir tilgjengelege for innbyggjarane – samordning av tenester barn og unge. Kommunane opplever større forventningar frå innbyggjarane og fleire krav frå styresmaktene, utan at dei økonomiske rammene aukar tilsvarande. I Aurland er rammene kraftig reduserte, og åra som kjem blir meir krevjande.

Det bør vurderast auka interkommunalt samarbeid i denne planperioden. Gjennom spørjeundersøkinga i samband med utgreiingane om fordelar og ulemper ved å halde fram som eigen kommune, vart politikarar, administrasjon og tillitsvalde bedne om å vurdere ulike påstandar knytt til tenester og interkommunalt samarbeid. Respondentane meiner Aurland ikkje har store utfordingar med tenestene i dag, men at kommunen har utfordingar med å handtere stadig aukande krav til dei kommunale tenestene. Vidare er respondentane godt nøgd med dei interkommunale samarbeida kommunen har i dag, men gir nok støtte til at det

går ei grense for kor omfattande dei interkommunale samarbeida kan vera før ei samanslåing er meir hensiktsmessig. Dei gjev likevel støtte til at auka interkommunalt samarbeid er langt å føretrekkje framfor ei kommunesamanslåing.

Rådmannen gjer framlegg om å etablere betalingsparkering i Aurland. Føremålet med det er å betre handteringa av trafikkflyt, trafikktryggleik og eit aukande parkeringsbehov. Det vil kunne vere god synergieffekt med ei slik ordning for Aurland kommune, og det er gode føresetnader for god økonomi i denne etableringa. Ved å etablere betalingsparkering i Aurland, er det mogeleg for direkte reduksjonar i det kommunale rekneskapet. Den økonomiske effekten i den kommunale drifta er vurdert til om lag 1 mill. kroner. Viser elles til eiga saksutgreiing med tilhøyrande rapport.

Rådmannen meiner at det bør takast initiativ til å greia ut ei ordning med destinasjonsbidrag for å kunne møte utfordringar knytt til ei forventa dobling av tal dagsturgjester i regionen innan 2041. Allereie i dag er det utfordring knytt til etableringa og drifta av grunnleggande infrastruktur som til dømes søppel og toalett. Aurland kommune er ein del av ein region som utgjer det fremste reisemålet i landet, og det er god grunn til å tru at Aurland kommune frametter vil oppleve sin del av auken i tal gjester. I eit slikt perspektiv vil eit av fleire spørsmål vere om kommune er rigga til handtere ein slik vekst. Fleire reiselivsverksemder lokalt/regionalt og reisemålsselskapet tek i aukande grad til orde for gjestebidrag til finansiering av felles gode og tiltak.

Konsekvensar for tilsette i økonomiplanen 2018 - 2022

Økonomiplanen føreset ein samla reduksjon på om lag 12 årsverk. I tillegg \er det fleire fagområde der rådmannen tilslår ei auke i bemanning, slik at omstillingssbehovet er større enn 12 årsverk. I løpet av ein 4-årsperiode vil det òg vere ein del naturleg turnover i den kommunale organisasjonen. Turnover og naturleg avgang omfattar m.a. jobbskifte og pensjonering. Naturleg avgang oppstår gjerne vilkårleg i ein organisasjon, og det krev stor omstillingsevne og vilje for at kommunen på denne måten skal nå dei målsetjingane som ligg i økonomiplan. Det vil vere behov for å gjennomføre ein planmessig nedbemannning. Hovudavtala, hovudtariffavtala og arbeidsmiljølova legg føringar for prosess og drøftingar med arbeidstakarane sine organisasjoner.

Rådmannen gjer framlegg om å styrke plankompetansen gjennom å prosjektorganisere arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel. Finansiering må skje ved tilføring frå konsesjonsavgiftsfondet, slik at det ikkje får netto driftskonsekvens.

Rulleringa er prioritert i planstrategien. Aurland er i stadig utvikling og oppdaterte overordna planar er viktige verktøy i kommunen sitt arbeid som samfunnsutviklar og tenesteleverandør.

Arealdelen skal vere for heile kommunen, den skal vise samanhengen mellom samfunnsutviklinga og arealbruk. Arealdelen er eit verkemiddel for å sikre at arealbruken i kommunen bidrar til å nå dei måla som har blitt vedtekne for kommunen si utvikling.

Det vil òg bli tatt initiativ til å vurdere løysingar med mål om å styrke plankapasiteten på sikt gjennom interkommunalt samarbeid.

Rådmannen føreslår eit investeringsnivå for 2018 på heile 81 mill. kroner. Dette er skyhøgt sett i forhold til kommunen sin storleik og organisasjon. Hovudårsaka til at investeringsnivået blir så høgt, er at ferdigstillinga av oppattryddinga etter flaumen i 2014 i all hovudsak blir ferdig i 2018. I tillegg er kommunen i full gang med å bygge nytt symjebasseng til ein kostnad på til saman 52,3 mill. kroner. Uansett blir det utfordrande å fylgje opp, og det er naudsynt å vidareføre dei ressursane som kommunen har i dag på teknisk kompetanse.

I heile planperioden er det lagt opp til å investere for 204 mill. kroner. Ut frå ein økonomisk analyse er dette for høgt. Kommunen klarar ikkje å frigjere nok eigenkapital til investeringane, og er avhengig av å finansiere tilsvarande meir med lån. Utviklinga i gjeldsgraden er bekymringsfull, og investeringsnivået bør ned og/eller meir eigenkapital må brukast til finansiering.

Andre viktige grep i budsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021 vil vere:

- Nytt svømmebasseng skal ferdigstillast i første halvdel 2019.
- Bygging av ny barnehage startar opp i 2020. Det er venta over 30 fleire barn i alder 0-5 innan 2025. Dei kommunale barnehagebygga er ikkje tilfredsstilande, og har ikkje kapasitet til å møte nye og framtidige kvalitetar til moderne barnehagebygg.
- Opparbeiding Ty bustadfelt skal ha høg prioritet
- Turveg Heggviki – Bøen er ikkje med i investeringsplanen for 2018 – 2021. Dersom tiltaket skal realiserast, er det ei klar tilråding at prosjektet må finansierast med eksterne midlar, som til dømes frå Hamnevesenet, ARU
- Det blir innført betalingssatsar som harmoniserer meir med kva som er vanleg i kommunar. Sjølvkostprinsippet skal gjelde på alle område som dette er meint for, til dømes innanfor byggesak og oppmåling. Frå før er dette prinsippet innført på vatn og avløp. Sjølv om mange prisar og gebyr i prosent får relativt stor auke, vil det samla avgiftsnivået gå ned med om lag 2% i 2018. Dette skuldast sjølvkostrekneskapen for vatn og avløp.
- Det blir tilsett felles kommuneoverlege for kommunane Lærdal og Årdal. Det skal vurderast eit felles legekontor/helsesenter med Lærdal kommune.
- Felles kommunepsykolog i Aurland, Lærdal og Årdal frå 2020.
- Skule og SFO følgjer den demografiske utviklinga, og tar ned drifta med 4 årsverk i løpet av planperioden. SFO-vedtekter bør endrast, og ny sak vil bli fremja på nyåret.
- Barnehagevedtekten bør vurderast på nytt m.o.t ferie og kontinuerleg opptak. Ny sak vil bli fremja på nyåret.
- Samordning av tenester barn og unge - Målsetjinga med prosjektet er å sikre at kommunen tar i vare plikta til å samordne tenester til barn og unge.

Kommunen fått tilsegn om tilskot på kr 175.000 frå Fylkesmannen til prosjektleiing. Oppstart av prosjektet blir sett i samanheng med oppfølging av tenesteanalyse for barnevernstenesta.

- Omstettingsprosjekt pleie og omsorg skal utvikle ei berekraftig teneste i samspel med brukar, brukar sitt nettverk og samfunn. Tenesta skal tilpasse aktivitetsnivået til tilgjengelege ressursar. I dette inngår arbeidet med turnus og heiltidskultur. Ressursbruken blir redusert med 3,5 mill. kroner frå 2018.

Rådmannen har med dette gitt sine tilrådingar. Det er kommunestyret som vedtek kommunen sine mål og rammer for planperioden. Eventuelle endringar må ha realistisk inndekning.

20.11.2017 Omsorg - oppvekst og kultur

Framlegg A frå Monica Finden

OOK er positiv til meir samarbeid med andre kommunar, men utan at dette reduserer kvaliteten på tenestene

Framlegg B frå Monica Finden

OOK ber om at ombygging/rehabilitering av Aurland Helsetun vert vurdert tidlegare i planperioden

Framlegg C frå Bengt Erlend Skjerdal

Det vert jobba med å finna eigna lokalitetar for kulturskulen innafor planperioden

Rådmannen orienterte om hovudtrekka i økonomiplanen 2018-2021 for dei ulike tenestene under OOK og svara på spørsmål.

Framlegg A og B frå Monica Finden.

Framlegg C frå Bengt Erlend Skjerdal.

Røysting

Framlegg A frå Monica Finden: Samrøystes

Framlegg B frå Monica Finden: Samrøystes

Framlegg C frå Bengt Erlend Skjerdal: Samrøystes

OOK-034/17 Vedtak:

Innspel til økonomiplan 2018 – 2021 frå OOK:

Kommunestyret vedtek økonomiplan 2018 – 2021 i mehald av kommunelova §44 med slikt tillegg:

- A) OOK er positiv til meir samarbeid med andre kommunar, men utan at dette reduserer kvaliteten på tenestene
- B) OOK ber om at ombygging/rehabilitering av Aurland Helsetun vert vurdert tidlegare i planperioden
- C) Det vert jobba med å finna eigna lokalitetar for kulturskulen innafor planperioden

Samrøystes

20.11.2017 Plan og utvikling

Framlegg frå Per Are Flåm:

Plan og utvikling ser det som viktig at det blir avsett midlar til å fortsette arbeidet med grunnerverv for turveg Heggvikji - Bøen.

Plan og utvikling ser det som viktig at det blir avsett midlar til tilrettlegging av næringsareal.

Framlegg frå Per Are Flåm.

Røysting

Framlegg frå Per Are Flåm: Samrøystes

PUT-053/17 Vedtak:

Plan og utvikling ser det som viktig at det blir avsett midlar til å fortsette arbeidet med grunnerverv for turveg Heggvikji - Bøen.

Plan og utvikling ser det som viktig at det blir avsett midlar til tilrettlegging av næringsareal.
Samrøystes

20.11.2017 Prosjekt, drifts- og eigedomsutval

Endringsframlegg frå Johannes Dalsbotten

PDEU rår til at det ikkje vert innført eigedomsskatt. Reduksjon i inntekt finansierast ved auke i eigedomsskatt frå verk og bruk.

Endringsframlegg i Prosjekt- drifts, og eigedomsutvalet

Oppgradering av tursti Brekkefossen

Brutto investeringsramme 2018: 1250

Mva-kompensasjon : -225

Ekstern finansiering:	-750
Eigen finansiering:	-275

PDEU har følgjande merknadar til økonomiplan:

Bygging av ny barnehage

Bygging av ny barnehage kontra strukturendringar vart diskutert i møtet. Om ein endrar på struktur (Flåm/Aurland) endrast investeringsbehovet, samt driftsmessige konsekvensar. Grunnlaget frå Asplan Viak er ut i frå behovet i Aurland.

Eigedomsskatt

Framlegg til innføring av eigedomsskatt er ikkje i samsvar med lov. Skal byrje på 1 promille, ikkje 2. Alle eigedommar må takserast, slik at den økonomiske konsekvensen vert mindre i starten.

Behovet for å innføre eigedomsskatt vart diskutert.

Endringsframlegg frå Johannes Dalsbotten.

Røysting:

Endringsframlegg frå Johannes Dalsbotten: tre røyster for, to røyster mot

Sal av kraft

Utvælet bemerkar at påslaget på kraftprisen medfører at markedsprisen på krafta mogelegens ikkje vert konkurransedyktig. Utsalsprisen endrast til 38-39 øre inkl. mva.

Destinasjonsbidrag

Noko må gjerast vedr. søppel, parkering og toalett, så ein må finne ei løysing. Om løysinga er destinasjonsbidrag vart diskutert i møtet. Alternativet kan t.d. vere å setje krav i samband med regulering og byggjeløyver.

Prisar og gebyr

PDEU merkar at det er lagt til grunn ein vesentleg auke i gebyr for byggesak og kart- og oppmåling.

Rådmann: Prisnivået er på nivå med Luster kommune, som òg ligg lågt målt mot landsgjennomsnittet.

Investeringar 2018-2021

Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg

Som konsekvens av utsetjing bør kommunen få gjort noko med dei andre seks romma i den eldre delen slik at desse kan takast i bruk. PDEU ber om at ein ser på desse mogelegheitene.

Rådmann: Dette vert teke over drifta på Teknisk, men større tiltak må eventuelt opp som sak for finansiering.

Turveg Heggviki – Bøen

PDEU registrerer at det er teke ut av planen.

Heradshuset

PDEU oppmodar om vidare bruk av bygget vert avklart.

Oppgradering av tursti brekkefossen

Rådmann opplyste om nye føresetnadar for gjennomføring av prosjektet, grunna dyrare gjennomføring, men og meir ekstern finansiering. Endringsframlegg frå Prosjekt, drift og eigedomsutvalet.

Røysting:

Endringsframlegg frå Prosjekt, drift og eigedomsutvalet: samrøystes

Ytstebøen bustadfelt

På finansieringssida manglar det innbetaling frå grunneigarane ved gjennomført opparbeiding av feltet i 2020 på kr 33 000 per avtale.

Investeringar etter flaumen

Følgjeskader etter flaumen: Vegen frå Leina og opp er hardt skada som følgje av mellom anna oppatt bygging etter flaumen. Kommunen bør vurdere kva ein gjer med denne vegen.

Ymse

Festeavtalar

PDEU registrerer at det ligg eit økonomisk potensial i å tilby sal av eigedom der kommunen eig grunnen og festar vekk denne.

DEU-048/17 Vedtak:

PDEU tilrår endring av økonomiplan 2018 - 2021 i medhald av kommunelova §44 slik:

Oppgradering av tursti Brekkefossen

Brutto investeringsramme 2018:	1250
Mva-kompensasjon :	-225
Ekstern finansiering:	-750
Eigen finansiering:	-275

Eigedomsskatt

PDEU rår til at det ikkje vert innført eigedomsskatt. Reduksjon i inntekt finansierast ved auke i eigedomsskatt frå verk og bruk.

23.11.2017 Formannskapet

Endringsframlegg frå Noralv Distad:

1. Det vert ikkje innført eigedomsskatt på bustader (inkl. fritidsbustader) og næring, i tillegg til verk og bruk
2. Påslag konsesjonskraft 2018 vert sett til 8 øre
3. Det vert ikkje utgreidd ordning med destinasjonsbidrag
4. Det blir ikkje etablert betalingsparkering no, slik det er gjort framlegg om
5. Utbytte vert sett til 10 mill pr. år
6. Brukarbetaling vert regulert i samsvar med prisjustering. Gebyr vassforsyning vert sett ned i samsvar meed framlegg frå rådmann
7. Det vert etablert eit hovudprosjekt for omstilling av den kommunale organisasjonen med formål å yta gode tenester til reduserte kostnader. Det skal leggast vekt på å redusera kostnad til administrasjon og kjøp av tenester. Formannskapet er styre for hovudprosjektet og rapporterer til kommunestyre.
8. Aurland skal ha legekontor
9. Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg skal vurderast kontinuerleg i samanheng med pågående prosess knytt til behov og driftsløysingar

Endringsframlegg frå Anita Lærum:

1. Avsette midlar til å fortsette arbeidet med grunnerverv for turveg Heggviki -Bøen
2. Det blir ikkje innført eigedomsskatt på eigedommar i Aurland kommune
3. Tilrettelegging av næringsareal i Terehagen
4. I planperioden må ein sjå på skule- og barnehagestrukturen
5. Jobbe med å finne eigna lokalitetar til kulturskulen
6. Endring i økonomiplan i høve tursti Brekkefossen

Endringsframlegg frå Monica Gjesdal Larsen:

1. Turvegg Heggviki - Bøen får midlar på 500 000 til å fortsette arbeidet med grunnerverv
2. Smiebakken blir redusert i økonomiplan 2018 - 2021 med 5 millionar. Smiebakken opprettholdes som boligprosjekt
3. Finansiering av Høgdebasseng Nedre Fretheim får fordeling 70% frå Hamnevesenet, 30% frå Aurland kommune

Endringsframlegg frå Noralv Distad

Endringsframlegg frå Anita Lærum

Endringsframlegg frå Sturle Ryum

Røysting**Endringsframlegg frå Noralv Distad:**

1. Det vert ikkje innført eigedomsskatt på bustader (inkl. fritidsbustader) og næring, i tillegg til verk og bruk: 3 røyster for, 2 røyster mot
2. Påslag konsesjonskraft 2018 vert sett til 8 øre: 4 røyster for, 1 røyst mot
3. Det vert ikkje utgreidd ordning med destinasjonsbidrag: 2 røyster for, 3 røyster mot
4. Det blir ikkje etablert betalingsparkering no, slik det er gjort framlegg om: 3 røyster for, 2 røyster mot
5. Utbytte vert sett til 10 mill pr. år: 4 røyster for, 1 røyst mot
6. Brukarbetaling vert regulert i samsvar med prisjustering. Gebyr vassforsyning vert sett ned i samsvar med framlegg frå rådmann: 4 røyster for, 1 røyst mot
7. Det vert etablert eit hovudprosjekt for omstilling av den kommunale organisasjonen med formål å yta gode tenester til reduserte kostnader. Det skal leggast vekt på å redusera kostnad til administrasjon og kjøp av tenester. Formannskapet er styre for hovudprosjektet og rapporterer til kommunestyre: 3 røyster for, 2 røyster mot
8. Aurland skal ha legekontor: samrøystes
9. Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg skal vurderast kontinuerleg i samanheng med pågående prosess knytt til behov og driftsløysingar: samrøystes

Endringsframlegg frå Anita Lærum:

1. Avsette midlar til å fortsette arbeidet med grunnerverv for turveg Heggviki -Bøen: samrøystes
2. Det blir ikkje innført eigedomsskatt på eigedommar i Aurland kommune: ikkje røysta over
3. Tilrettelegging av næringsareal i Terehagen: 3 røyster for, 2 røyster mot
4. I planperioden må ein sjå på skule- og barnehagestrukturen: 3 røyster for, 2 røyster mot
5. Jobbe med å finne eigna lokalitetar til kulturskulen: samrøystes
6. Endring i økonomiplan i høve tursti Brekkefossen: samrøystes

Endringsframlegg frå Monica Gjesdal Larsen:

1. Turvegg Heggviki - Bøen får midlar på 500 000 til å fortsette arbeidet med grunnerverv: samrøystes
2. Smiebakken blir redusert i økonomiplan 2018 - 2021 med 5 millionar. Smiebakken opprettholdes som boligprosjekt: 2 røyster for, 3 røyster mot
3. Finansiering av Høgdebasseng Nedre Fretheim får fordeling 70% frå Hamnevesenet, 30% frå Aurland kommune: 2 røyster for, 3 røyster mot

FS-094/17 Vedtak:

Kommunestyret vedtek økonomiplan 2018 – 2021 i mehald av kommunelova §44 med slik endring:

Det vert ikkje innført eigedomsskatt på bustader (inkl. fritidsbustader) og næring, i tillegg til verk og bruk.

Påslag konsesjonskraft 2018 vert sett til 8 øre.

Det blir ikkje etablert betalingsparkering no, slik det er gjort framlegg om.

Utbytte vert sett til 10 mill pr. år.

Brukarbetaling vert regulert i samsvar med prisjustering. Gebyr vassforsyning vert sett ned i

samsvar med framlegg frå rådmann.

Det vert etablert eit hovudprosjekt for omstilling av den kommunale organisasjonen med formål å yta gode tenester til reduserte kostnader. Det skal leggast vekt på å redusera kostnad til administrasjon og kjøp av tenester. Formannskapet er styre for hovudprosjektet og rapporterer til kommunestyre.

Aurland skal ha legekontor.

Bygningsmessige tiltak pleie og omsorg skal vurderast kontinuerleg i samanheng med pågåande prosess knytt til behov og driftsløysingar.

Avsette midlar til å fortsette arbeidet med grunnerverv for turveg Heggviki -Bøen.

Tilrettelegging av næringsareal i Terehagen.

I planperioden må ein sjå på skule- og barnehagestrukturen.

Jobbe med å finne eigna lokalitetar til kulturskulen.

Endring i økonomiplan i høve tursti Brekkefossen.

Turvegg Heggviki - Bøen får midlar på 500 000 til å fortsette arbeidet med grunnerverv.

Vedlegg:

Økonomiplan 2018 - 2021 med vedlegg